



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Landbruksdirektoratet
Postboks 56
7701 Steinkjer

22.09.2025

Dykkar ref: 24/83140

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
31-25

31-25 Høyringsuttale - strategi for forvaltning av hjortevilt (hjorteviltstrategi) jf sak 26-25

Miljødirektoratet fekk i 2022 oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet om å utarbeide en ny hjorteviltstrategi. Miljødirektoratet starta arbeidet og jobba med strategien fram til desember 2024. I forbindelse med overføring av mynde for forvaltning av haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet til Landbruksdirektoratet 1. januar 2025 ble ansvaret for å få ferdig hjorteviltstrategien også overført til Landbruksdirektoratet.

Utkast til ny hjorteviltstrategi er nå på høyring, med høyringsfrist 1. november 2025. Høyringsdokumentet er lagt ut på Landbruksdirektoratets heimesider. Villreinnemndene i Norge er ikkje teke med som høyringsmottakarar. Høyringen er open for alle som ønsker å gi innspel. Om villrein står det i høyringen at:

«Strategien er rettet mot alle hjorteviltartene, men hovedfokus på elg, hjort og rådyr. I 2024 kom Meld. St. 18 (2023-2024) "Ein forbetra tilstand for villrein". Den presenterer regjeringens politikk for å forbedre tilstanden for villrein i Norge. Før sommeren 2025 kom de første tiltaksplanene for noen av de nasjonale villreinområdene på høyring. For Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet vil det i de kommende år bli viktig å følge opp våre ansvarsområder i endelige tiltaksplaner for de ulike villreinområder.» (s. 8)

«Villrein er inkludert som en naturlig del av hjorteviltstrategiarbeidet, men fordi det er en stortingsmelding om villrein, med tilhørende oppfølgende prosesser er ikke artsspesifikke utfordringer for villrein innlemmet i strategiarbeidet.» (s. 23)

I sak 26-25 i villreinnemnda vart vedtaket å skrive eit høyringssvar basert på kommentarane som vart gjeve under behandling av saka:

Hjort i fjellet - påverknad på villrein? Smittepress mellom ulike hjorteviltartar. Spørsmål om betre moglegheit for å kontrollere bestandsstorleik? Nasjonale middel for å betre overvaking av dei ulike hjorteviltartane sin bruk av fjellområda/trekkområde, t.d. gjennomføring av forskingsprosjekt. Forslag i møtet om å skrive eit høyringssvar, blir sendt ut i medio oktober til nemnda for gjennomsyn.

Vurdering:

Nemnda er oppteken av å regulere smittepress mellom dei ulike hjorteviltartane. I vårt område er det særleg hjort som delar av året har samanfallande arealbruk med villrein og derfor er risikofaktor for å kunne spreie eventuell smitte til villrein.

Eit funksjonelt villreinområde med store areal som blir brukt av villrein er i seg sjølv ein generell buffer mot smittespreiing innad i villreinstamma. Ein annan faktor er tettleik av hjort. Gode moglegheiter for å kunne regulere hjortebestanden er derfor viktig også med tanke på villrein. Det er i dag lang jakttid på hjort og mange kommunar har redusert minsteareala. Likevel ser ein stadig auke i hjortebestanden.

Nemnda kunne gjerne ynskje seg betre oversikt over andre hjorteviltartar sin bruk av fjellområda, spesielt hjort. Auka satsing på forskning på hjortevilt og arealbruk gjennom året er ynskjeleg.

Vedtak:

Nemnda er oppteken av å regulere smittepress mellom dei ulike hjorteviltartane. I vårt område er det særleg hjort som delar av året har samanfallande arealbruk med villrein og derfor er risikofaktor for å kunne spreie eventuell smitte til villrein.

Eit funksjonelt villreinområde med store areal som blir brukt av villrein er i seg sjølv ein generell buffer mot smittespreiing innad i villreinstamma. Ein annan faktor er tettleik av hjort. Gode moglegheiter for å kunne regulere hjortebestanden er derfor viktig også med tanke på villrein. Det er i dag lang jakttid på hjort og mange kommunar har redusert minsteareala. Likevel ser ein stadig auke i hjortebestanden.

Nemnda kunne gjerne ynskje seg betre oversikt over andre hjorteviltartar sin bruk av fjellområda, spesielt hjort. Auka satsing på forskning på hjortevilt og arealbruk gjennom året er ynskjeleg.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær